



Statens vegvesen

REGULERINGSPLAN

Vedteken plan



Planføresegner for detaljregulering med konsekvensutgreiing

Fv. 633 forbi Kleiva

Selje kommune

Selje kommune

Reguleringsføresegner for:

Fv. 633 Rassikring Kleiva

Jf. Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-10

Planid: 14412016001

Utarbeidd av Statens vegvesen Region vest 17.november 2016

Vedteke av Selje kommune 09.02.2017, sak nr. 007/17.

§1 Planen si avgrensing grenser og reguleringsformål

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på teikningane R1-01, R1-02, R1-13, R1-14, R1-15 og R1-16 og for utbygging av dette veganlegget. Utbygging av veganlegget og bruk av deponiet skal skje i samsvar med plankarta og føresegnene.

Målet med reguleringsplanen er å legge til rette for å bygge tunnel forbi Kleiva med muligheit til å legge overskot av tunnelstein i deponi ved teigane.

Planen har to vertikalnivå: 1) Under bakken og 2) På bakken

Kartprojeksjonen er Euref 89, UTM sone 32.

Areala i planområdet skal nyttast til følgjande reguleringsføremål:

1. Bygningar og anlegg (Pbl §12-5, nr.1)

Massedeponi	DP (1590)
-------------	-----------
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5, nr2)

Køyreveg	SKV (2011)
Annan veggrunn – teknisk anlegg	SVT (2012)
Annan veggrunn – grøntareal	SVG (2019)
Utsiktsområde	UP (2081)
Tekniske bygg	STB (2027)
Parkeringsplassar	SPA (2080)
3. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (Pbl §12-5, nr. 5)

LNF-område	L (5100)
------------	----------
4. Omsynssoner (Pbl § 11-8, jf § 12-6)
 - a. Sikringssoner

Sikringszone tunnel	H190
---------------------	------
 - b. Faresoner

Ras- og skredfare	H310
Høgspenningsanlegg	H370
 - c. Sone med angitte særlige omsyn

Omsyn landskap	H550
Bevaring naturmiljø	H560
5. Bestemmelsesområde (Pbl § 12-7)
 - a. Midlertidig anleggsområde

§ 2 Felles føresegner

2.1 Generelt

Desse føresegnene saman med plankarta gjeld innanfor ramma til plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter for Selje kommune.

Mindre vesentlege unntak frå reguleringsplan kan, der særlege grunnar talar for det, gjevast løyve til av kommunen innanfor ramma til lovverket.

2.2 Kulturminne

Dersom funn, gjenstandar, konstruksjonar eller kulturminne vert oppdaga i samband med gravearbeid (mogleg freda kulturminne), må ein stanse arbeidet og varsle Sogn og Fjordane fylkeskommune, jamfør kulturminnelova § 8, 2. ledd.

2.3 Særskilt rekkefølgjekrav med omsyn til naturmangfald og HMS

Før anleggsstart skal LNF-området L4 ha manuell reinsk som del av sikring av anleggsområdet nedanfor, sjå teikning R1-16. I dette området er det løyve til å ta ned enkeltsteinar og blokker, ved manuelt arbeid. Her er det ikkje løyve til å bruke maskiner eller å sprøyte med vatn for å gjennomføre dette arbeidet. (Pbl § 12-7, nr. 12).

2.4 Byggegrenser

Byggegrense ikkje er vist. Reglane i veglova gjeld.

2.5 Terrenghandsaming

Langs veg skal det nyttast tørrmur. Betongmur kan nyttast ved muring over forskjering eller i terrenget over vegen.

Ny forming av terrenget skal etterlikne dei naturlege kystformene og unngå skarpe skilje mellom nytt og eksisterande terreng.

2.6 Eigartilhøve

Planen tek ikkje stilling til eigartilhøve som ikkje er nemnt her:

Offentleg areal

Køyreveg	o_SKV
Anna veggrunn – tekniske anlegg	o_SVT
Anna veggrunn – grøntareal	o_SVG
Utsiktsområde	o_UP
Tekniske bygg	o_STB
Parkeringsplassar	o_SPA

§ 3 Plankrav

3.1 Byggeplan

Før anleggsstart skal det utarbeidast byggeplanar for heile veglinja med sideareal.

Byggeplanen skal også vise:

- terrenghandsaming
- tilbakeføring, istandsetting og revegetering av sideareal for midlertidig rigg og anleggsområde
- omsyn til overflatevatn
- rigg og marksikring
- estetisk utforming av parkeringsplass og utsiktsområde

3.3 Plan for ytre miljø (YM-plan)

YM-plan skal utarbeidast før konkurransegrunnlaget, og skal liggje ved byggeplanen. Krav i YM-planen skal fylgjast i vidare planprosess og ved utbygging. Ved utarbeiding av YM-plan og ved gjennomføring av veganlegget skal punkta som går fram av tabellen i planomtalen i kapittel 8.14 «*Føringar for YM-plan*» følgjast opp.

§ 4 Bebyggelse og anlegg

4.1 Deponi (DP)

Området kan nyttast til mellombels massedeponi for overskot av massar frå tunnel ved Kleiva. Før deponiet vert teke i bruk skal matjord leggst til side. Området kan hevast opp til maks kotehøgder vist på teikning R1-01. Matjorda skal leggst tilbake som topplag på deponiet og såast til med tilsvarande frøblanding som på tilgrensande areal.

Massane kan ligge etter at veganlegget er avslutta til bruk for seinare utbygging.

Før seinare uttak av massar frå deponiet skal det lagast ein plan for korleis området skal setjast i stand etter kvart som massar blir tekne ut og korleis området vert sjåande ut når massane er fjerna. Grunneigar er ansvarleg for å utarbeide denne planen og planen skal godkjennast av kommunen. Det skal ikkje takast ut meir massar enn det slik plan viser. Området skal tilbakeførast til mest mogeleg opphavleg terreng når massane er fjerna.

§ 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

5.1 Offentleg køyreveg (o_SKV)

Offentleg køyreveg (vertikalnivå 1 og 2) skal opparbeidast i samsvar med plan- og profilteikningane (C-teikningane C1-01, C1-02 og C1-03).

5.2 Anna veggrunn – teknisk anlegg (o_SVT)

Anna veggrunn – teknisk anlegg er offentlig veggrunn rundt køyreveg i tunnel (vertikalnivå 1) som sikrar tekniske anlegg i tunnelen. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep over eller inn mot denne sona som skadar tunnelen eller endrar dei tekniske anlegga som høyrer til tunnelen.

5.3 Anna veggrunn – grøntareal (o_SVG)

Anna veggrunn – grøntareal er offentlig veggrunn som sikrar offentlig veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar, fanggjerde og grøfter. Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombels anleggsvegar og mellombels massedeponi.

Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor "Annan veggrunn" kan skje som følge av uføresette tilhøve, som til dømes grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegformål vil fråvika noko frå det som går fram av formålsgrensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil verte nytta til tilstøytande formål.

Istandsetjing av desse areala skal visast i O-teikningar som viser landskapstiltaka.

5.4 Utsiktsområde (o_UP)

Området vert lagt til rette for å kunne stoppe og sjå på utsikta, inkludert gangsti frå parkeringsplass til utsiktspunkt. Området er ikkje mogeleg å få universelt utforma.

Overskot at masser frå veganlegget kan leggest på dette området opp til maks kotehøgde slik det går fram av teikning R1-02.

Istandsetjing av området skal visast i O-teikning som viser landskapstiltaka og vere i tråd med illustrasjonane i kapittel 7.3 « Skildring av krav til forming av tiltaket» i planomtalen.

5.5 Teknisk bygg (o_STB)

Området sikrar areal til å sette opp teknisk bygg for tunnelen. Det tekniske bygget er i ein etasje. Bygget skal plasserast i direkte tilknytning til parkeringsplassen mest mogeleg integrert i det nye terrenget.

5.6 Offentleg parkering (o_SPA)

Område o_SPA10 skal nyttast til offentlig parkeringsplass ved utsiktspunktet på Halsen.

Område o_SPA4 skal nyttast til offentlig parkeringsplass, som utsiktspunkt tilrettelagt med universell utforming, aust for tunnelen.

Istandsetjing av området skal visast i O-teikning som viser landskapstiltaka og vere i tråd med illustrasjonane i kapittel 7.3 « Skildring av krav til forming av tiltaket» i planomtalen.

5.7 Privat veg (A)

Avkøyrsla teikna med punktsymbolet pil og markert med A er privat avkøyrsla frå offentlig veg. Avkøyrsla skal plasserast og opparbeidast etter Statens vegvesen sine krav.

§ 6 Landbruks-, natur- og friluftsmål

6.1 LNF-Område (L)

Områda regulerte til landbruk, natur- og friluftsområde sikrar dagens bruk av områda.

I samband med bygging av veganlegget er det løyve til å gjere inngrep på og nytte dei delane av LNF-områda som er regulert til midlertidig anleggsområde, sjå planføresegn § 8.1.

Av omsyn til HMS i anleggsperioden er det løyve til å gjennomføre manuell reinsk på område L4. Sjå også planføresegn 2.3.

For å sikre at naturbeitemarka ikkje får innblanding av andre artar skal øvste laget på område L2, inntil 0,3 meter djupt, takast av og lagrast separat. Når veganlegget er ferdig skal denne jorda leggst laust ut over vegskråningane som grensar mot naturbeitemarka. Det skal ikkje tilførast frøblanding eller jord frå andre deler av området på dette arealet.

7. Omsynssoner

7.1 Sikringssone tunnel (H190)

Tiltak som kan forringe tunnelen sin stabilitet, skade tunnelen eller tunnelinnreiinga (for eksempel sprenging, peleramming, spunting, boring i grunnen, sjakt- og tunneldriving, injeksjon, større utgravingar, fundamentering eller påføring av tilleggslaster) kan ikkje iverksetjast utan løyve frå Statens vegvesen. Sikringssona er 25 meter til kvar side, 25 meter oppover og 25 meter under tunnellopa i hele tunnelen si lengde.

7.2 Ras- og skredfare (H310)

Fareområde H310 er aktsemdsområde for snø- og steinskred, og aktsemdsområde jord- og flaumskred. Innanfor fareområdet er tiltakshavar ansvarleg for å dokumentere at området er sikra mot ras før nye tiltak kan setjast i verk.

For å sikre ferdig veg mot steinsprang skal det setjast opp fanggjerdje over skjeringstopp til veganlegget slik teikning R1-15 viser. Dette vert sett opp etter at det er gjennomført manuell reinsk ovanfor, også som ei ekstra sikring i anleggsperioden.

7.3 Høgspenningsanlegg (H370)

Dersom arbeid skal gjerast nærare enn 7,5 meter frå høgspent luftlinje skal arbeidet utførast med varsemd og e-verket skal varslast.

7.4 Bevaring landskap (H550)

Område H550_1 er avgrensa mot området som skal brukast til deponi, ved ein steingard. Sona skal sikre at steingraden ikkje vert skada. Det skal vere fysisk markering i terrenget i anleggsperioden.

7.5 Bevaring Naturmiljø (H560)

Område H560 er del av ulike naturmiljø av høg verdi. Sonene skal sikrast mot inngrep i naturmiljøet ved bygging av veganlegget. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse områda. Det skal setjast opp fysisk stengsel mot områda i heile anleggsperioden.

8. Bestemmelsesområde

8.1 Midlertidig anleggsområde #

Formålet er lagt på deler av LNF-områda og gir rett til å nytte desse områda til rigg og anleggsarbeid ved bygging av dette veganlegget. Dette omfattar riggområde, oppsetjing av midlertidige bygningar og anlegg, midlertidig lagring av massar, midlertidige vegar og liknande. Der terrenget er bratt kan det bli inngrep som utrasing av ustabile massar.

Deler av LNF-området L1 ved Halsen skal hevast permanent slik teikning O1 viser. Såleis vert tidlegare masseuttak fylt igjen.



Statens vegvesen
Region vest
Ressursavdelinga
Askedalen 4 6863 LEIKANGER
Tlf: (+47 915) 02030
firmapost-vest@vegvesen.no

vegvesen.no

Trygt fram sammen